

Vedtekter for Memoar

Vedtatt på stiftingsmøte 2/7 2015 og revidert på årsmøtene 26/3 2021 og 4/2 2022.

1. Memoar – norsk organisasjon for munnleg historie, er stifta i Bergen 2. juli 2015. Organisasjonen skal nytte vedlagte logo, og mottoet "Alle har ei forteljing å dele".



2. Formål: Memoar skal fremje ein kultur for å ta vare på og dele munnlege forteljingar om levd liv.

3. Oppgåver:

Memoar skal arbeide for

- At bibliotek og lokalarkiv i heile Noreg etablerer intervjustudio som innbyggjarane enkelt og rimeleg kan låne eller leige for å gjere teknisk gode opptak i lyd og bilete (video) av forteljingar om levd liv.
- At den offentlege arkiv-, biblioteks- eller museumssektoren etablerer arkivløyisingar for munnleg kjeldemateriale i form av video-, lyd-, multimedia-, foto- og tekstfilar med forteljingar om levd liv og annan samtidsdokumentasjon. Når forteljarane samtykker til det, bør slike arkivløyisingar vere opne.
- Å utvikle tilbod til medlemmer i Memoar og andre om opplæring i og kunnskapsdeling om opptak, intervju, enkel redigering, dokumentasjon, metadataregistrering, opphavsrettsreglar, opplasting til arkiv, presse/publiseringsetikk og publisering.
- Å utvikle nettsida www.memoar.no og andre formidlingskanalar som kan hjelpe forteljarar som ynskjer det å nå fram til større publikum.
- Å arbeide for større akademisk og profesjonell interesse for munnleg historie som kjelde for samtidsdokumentasjon og nær historie.
- Og å ta initiativ til og delta i samarbeidsprosjekt med historielag, anna frivillig kulturvern, arkiv-, bibliotek og musé, akademia, forskingsmiljø og profesjonelle forteljarar / media.

4. Medlemskap: Alle er velkomne som medlem, så sant dei deler interessa for Memoar sitt formål, og respekterer verdien av andre sine forteljingar, uavhengig av hudfarge, nasjonalitet, etnisk opphav, religion, livssyn, legning, leveform, orientering eller funksjonsevne.

Alle medlemmer skal betale kontingent. Kontingenten vert bestemt på årsmøtet.

5. Årsmøtet er høgaste myndighet i Memoar. Alle medlemmer som har betalt kontingent har rett til å møte på årsmøtet, med ei stemme kvar.

Årsmøtet skal haldast i vårhalvåret kvart år. Det skal kallast inn med minst 14 dagars frist, og innkallingane skal gå til alle medlemmer gjennom epost, nettside og sosiale media der Memoar har ein profil.

Årsmøtet skal gjere vedtak om

- Årsmelding om arbeidet sidan sist årsmøte
- Rekneskap
- Arbeidsplan og budsjett
- Val av styre og andre tillitsverv.

To av deltakarane på årsmøtet skal velgjast til å gjå gjennom og stadfeste at protokollen er rett ved å signere han saman med protokollskrivaren.

6. Styret: Den daglege leiinga av Memoar skal utførast av eit styre på **tre til sju** personar.

Styret skal veljast på årsmøtet, for eitt år kvar gong.

Årsmøtet skal også bestemme kven som skal vere leiar av styret og dermed av organisasjonen. Annan arbeidsdeling i styret avgjer styret sjølv.

Dagleg leiar av Memoar skal også vere redaktør av organisasjonen si publikumsretta nettside.

Styret er vedtaksført når to tredelar av styret er til stade.

Alle styrereferat skal signerast av alle styremedlemmene som var til stade.

Styret peikar ut rekneskapsfører for 2022. Alle utbetalingar skal godkjennast av dagleg leiar før dei blir utført. Dagleg leiar skal få avstemt rekneskap kvar månad, og styret skal få rekneskapsrapport kvart kvartal.

7. Konfliktar: Dersom nokon nyttar sitt medlemskap til hatefulle, diskriminerande, hånande eller trugande ytringar, skal ho eller han melde seg ut eller bli ekskludert frå Memoar av styret, årsmøtet eller ekstraordinært årsmøte

Dersom det oppstår ein heilt spesiell situasjon som 20% av medlemmene eller 1/3 av styret vil at heile organisasjonen skal ta stilling til, må det kallast inn til ekstraordinært årsmøte. Eit slikt møte skal berre drøfte og gjere vedtak i den saka som det har blitt kalla inn for å handsame.

9. Oppløysing av organisasjonen

Dersom to tredelar av dei som har stemmerett på eit årsmøte eller eit ekstraordinært årsmøte bestemmer det, skal Memoar oppløysast.

Intellektuell og / eller økonomisk eigedom som Memoar måtte ha, skal i tilfelle oppløysing overført til ein institusjon eller organisasjon som vil vidareføre formålet. Dersom to tredeler av dei som har stemmerett på det årsmøtet eller ekstraordinære årsmøtet som måtte vedta oppløysing gjer eit vedtak om ei slik overføring av eigedom, gjeld det. Er det ikkje to tredels fleirtal, skal intellektuell og økonomisk eigedom overført til Bergen Byarkiv.

10. Endring av desse vedtektene kan berre gjerast av eit lovleg innkalt årsmøte. Endringar kan gjerast med alminneleg fleirtal, bortsett frå eventuelt vedtak om oppløysing, som krevjer to tredels fleirtal.

Vedtatt på stiftingsmøte 2/7-2015. Revidert på årsmøtene 18/3 2021 og 4/2 2022.